

TETT PÅ

Historier med mennesker i fokus.

Tips oss! Tlf. 05146, tips@dalane-tidende.no eller SMS til 2242 (kodeord DT)

Klar for sambyggingane

Han har farta kloden rundt for å spela orgel. Fredag får endeleg sambyggingane i Bjerkreim sjansen til å oppleva kantoren sin i konsert.



TIM RISHTON

Alder: 49

Bur: Hovland i Ørdsalen

Anledning: gir fredag sin første konsert i Bjerkreim kyrkje etter at han begynte som organist/kantor i soknet 1. august i fjor

Ønsker å selge fiskekort

EGERSUND: Eigersund Jeger- og Fiskerfor- ening (EJFF) ønsker å overta salget av fiskekort for Eigersund kommune. I dag selger kommunen kort i en del vann. Det samme gjør EJFF. Dette er organisert gjennom fire forskjellige kategorier fiskekort. Dette er en unødig komplisert ordning, mener EJFF. Ved å samordne tilbudene og selge kort fra ett utsalgssted, vil kommunen slippe bryderiet med å selge. Samtidig vil fiskerne få en enklere ordning og et bedre tilbud. Ett felleskort

kan i tilfelle gi tilgang til flere fiskerne må kjøpe fire forskjellige vann der kommunen har fiske å få inntektene fra kortsalget felle gå til å styrke og forvalte best mulig måte, ifølge søkna – Vi ønsker å bidra til en god og sportsfiske for flest mulig i vår leder i EJFF, **Terje Havso** i s sund kommune.

KETH ODLAND

keth@dalane-tidende.no 4000 8535

Han er erfaren og scenevant som få. Men i forkant av konserten i Bjerkreim kyrkje fredag kveld, er Tim Rishton spent. Det handlar litt om forgjengaren hans, og om folk sine forventningar.

– Eg har ein fabelaktig forgjengar i Arne Bjerkreim. Han og brørne har jo vore organistar i Bjerkreim i evig tid. Arne har gjort ein fantastisk jobb. Men eg håper folk aksepterer at eg er ein heilt annan. Eg har *min* stil, seier Tim Rishton, musikk-professoren som i fjor sommar kom flyttande frå England til Ørdsalen – i lag med kone, to ungar, hund, båt og orgel.

I staden for å bli plassert i ei vekt-skål vis a vis Arne Bjerkreim, ønsker Tim Rishton at han får anledning til å formidla glede og positive opplevingar gjennom fredagens konsert.

– Eg baserer alltid konsertane mine på at folk skal gle seg. Ein konsert må ikkje bli ein kjedeleg skuletime som publikum plent skal læra noko av. Viss folk koser seg og seier «Kjempebra; me kjem igjen ein annan gong.» då har eg nådd målet mitt, seier Tim Rishton og legg til:

– Det er alltid spesielt å spela for naboar, venner og kjende; folk du har nære forbindelsar med i kvar-dagen.

– Kva byr du på i kyrkja på fredag?

– Det blir litt Bach, Mändelsohn og Vivaldi, blant andre, store namn som samtidig formidlar det nære og glade i musikken. Det største eg som konsertorganist opplever, er at folk kjem bort til meg etter kon-

serten og seier at eg klarte å formidla noko som dei tidlegare ikkje har opplevd, sjølv om dei har høyrte same musikken før, seier 49-åringen.

Han er i Tübingen i Tyskland når me snakkar med han. Ærendet er å kjøpa flygel til Bjerkreim kyrkje, som feirar 175-årsjubileum i år. Det blir nok handel, trur han, for han har gode forbindelsar i Midt-Tyskland. Forkjærleiken hans til området har å gjera med ein mann ved namn Johan Sebastian.

«Ørdsølane har innlemma oss i samfunnet i dalen.»

Tim Rishton

Den første konserten Tim Rishton gir i den nye heimkommunen sin, blir spesialtilpassa folk og forhold i Bjerkreim.

– Eg spelar aldri nøyaktig den same konserten to plassar. På fredag startar eg med eit walisisk stykke som er komponert av ein god venn av meg, som forresten var hoffkomponist i forbindelse med bryllaupet til prins Charles og Diana. Eg har ein del av bakgrunnen min i Wales og har familie og venner der. Det var også der karrieren min starta. Så har eg tenkt å avslutta med den norske komponisten Egil Hovland. Han har jo same etternamn som plassen eg bur på i Ørdsalen i dag. Og så komponerte han musikken som blei brukt under kroninga av kong Harald, fortel Rishton.

– Du presenterer altså ikkje bare musikk, men også deg sjølv under konserten?

– Ja. På eit vis blir konserten eit bilete på livsløpet mitt. Eg kjem også til å samtala mykje med publikum undervegs. Eigentleg skulle eg hatt ein taustige mellom galleriet og kyrkjeskippet, for eg kjem til å springa mykje opp og ned mellom orgelet og publikum. Eg får god trim, smiler Tim Rishton.

Han var studiedirektør ved eit universitet i England før han takka ja til kantorjobben i Bjerkreim, som han kombinerer med å vera profesjonell konsertorganist. At dei valde avsideliggjande Ørdsalen som sin nye heim-plass, faktisk den tredje i Noreg, er det hittil ingen av familiemedlemmene som har angra på. Sjølv ikkje då snøværet stengde den einaste vegforbindelsen mellom dalen og omverda, var det nokon av dei som fekk kalde føter.

– Eg har ikkje angra eitt sekund. Ungane har fått seg gode venner. Thomas har skaffa seg traktor. Det måtte han jo ha, meinte naboane. No ser han fram til å få lappen når han blir 16, fortel Tim Rishton.

Under julekonserten i Bjerkreim kyrkje 20. desember blei bygdas nye kantor aldri meir enn ein programhelt. Den kvelden sat han heime på Hovland, innesnødd. Ifølgje yr.no er det små sjansar for at

«Eigentleg skulle eg hatt ein taustige mellom galleriet og kyrkjeskippet.»

Tim Rishton

det same skjer på fredag.

– Korleis har du det?

– Heilt glimrande; eg kunne ikkje hatt det betre.

– Kva forventningar har du til 2010?

– Me er jo enno i etableringsfasen. Det er mykje spenning knytt til det første året på ein ny plass, men så langt ser det veldig lyst ut. Me stortrivst i Ørdsalen. Aldri har eg opplevd så vennlege og fabelaktig gode naboar som me har fått no. Ørdsølane har innlemma oss i samfunnet i dalen, og me får lov å bidra med vårt.

– Kven ser du opp til?

– Mange. Ein av dei er kong Olav, som klarte å kombinera det å vera konge med ein folkeleg veremåte.

– Kva for tankar gjer du deg om Gud?

– Eg er kristen. Gud ser eg på både som allmektig og utanfor vår forstand, og som skaparen som har sett meg her for eit bestemt formål. Så gjeld det for meg å prøva å svara til det formålet.

– Har du vore nær ved å døy nokon gong?

– Livet mitt hang i ein tynn tråd då eg som bitteliten var livstruande sjuk.

– Har du ein draum du ikkje har fått realisert?

– Nei, faktisk ikkje. Eg hadde tre barndomsdraumar. Alle gjaldt stader eg gjerne ville bu, og ting eg hadde lyst å gjera. At dei no er realiserte, alle tre, er nesten litt urovekjande. Men me får bare nytta det. Sidan me treffe kvarandre, har kona mi og eg opplevd utruleg mykje. No er det litt godt at me er komne til Ørdsalen for å bli. Stabilitet er det me ønskjer oss no.

– Kva tenkjer du om klimakrisa?

– Eg har mange tankar om klimakrisa; den er reell. Det me har gjort dei siste 100 åra, har ført til ei merkbar endring i klimaet – trass den kalde vinteren me har opplevd i år. Svingingar har det alltid vore. Det var for eksempel istid på 1600-talet, noko eg har sett utslag av i den musikalske forskinga eg har gjort. Og så seint som i 1890-åra budde folk i telt på vørstasjonar på isen mellom Sverige og Danmark. Den store forskjellen frå tidlegare tider til i dag, er at klimaendringane no skjer så raskt.

– Har du ei favoritt-nettside?

– Eg ser nyheiter og les ein del aviser på nettet, for eg har lita tid til å sjå fjernsyn.

– Kva for ei avgjerd er du glad for at du tok?

– Avgjerda om å flytta til Ørdsalen.

VI AVSLUTTER SALGET

50 700%



Advokatfirmaet Stangeland AS
ønsker å gi deg eller ditt firma